2. Er budsjettet for lavt? Hva med reiseinstruktørvirksomhet? LS må gjøre grundige undersøkinger og utrede hvordan et sånt budsjett skal se ut, og hvordan vi skal få tak i penga.

REFERAT SÖNDAG 4.12.

6. Plenumsdiskusjon forbund/forbundsvedtekter.

Hva er skilnaden på LS og sekretariatet sine oppgaver? Vi må se på §§ 26,27,29,30. Sekretariatet har ingen politisk myndighet, men er bare et praktisk arbeidende organ.

AU eller sekretariat? Et AU vil være et organ i LS - med politisk myndighet. Dette har ikke sekretariatet. LS skal være satt sammen etter politiske vurderinger, sekretariatet også etter geografiske. Et AU (som må sitte samla) vil undergrave dette.

7. Vedtak Forbundsvedtekter.

Del I.

§1: Endringsforslag fra Oslo: "Landsforbundet AV røde kor og korps..." Vedtatt mot 1 st.

§1: Endringsforslag fra Oslo: "...å byggja opp OG VERA ei samordna..." Forslaget trukket.

DEL I (§1 - §3) enst. vedtatt.

Del II.

§4: Tilleggsforslag fra Oslo: "På stader der det ikkje finst grunnorganisasjonar kan einskildpersonar takast opp som medlemmer for å vera betre i stand til å byggja opp koret/korpset." Falt mot ? st., 2 avholdne.

§4: Endringsforslag fra Tromsø: "Alle meldemer skal TA DEL I ARBEIDET I ein grunnorg..." og "...som AVGJER alle sökna-der..." Vedtatt mot 2 st.

Framlegg fra Oslo: "koret/korpset" erstattes med "grunnorganisasjon(ar)" i §§5,7,8,9,13,14,15,16,18,19,21. Enst. vedtatt.

§5: Tilleggsforslag fra Bodø: "...og RESTEN AV Forbundet." Enst. vedtatt.

§6a: Tromsø ville utvide til mer enn "ein måned". Forslaget ble trukket etter diskusjoner.

§9: Endringsforslag fra Bodø(?): "grunnorganisasjonar" byttes ut med "Forbundet". Enst. vedtatt.

§11: Tilleggsforslag fra Odda om at enkeltmedlemmer har rett til å anke eksklusjon til LS (ikke formulert). Enst. vedtatt.

DEL II (§4 - §11) vedtatt mot 1 avholden.

Del III.

§13: Endringsforslag fra Tromsø: "Grunnorganisasjonane skal halde halvårsmøter med drøftingar av halvårsmelding og repertoar, og med val av styre minst ein gong i året." Vedtatt mot 1 st., 1 avholden.

§16: Endringsframlegg fra Tromsø om at vi skal samrå oss med arrangørene. Vedtatt slik den opprinnelig står mot 1 st., 1 avholden.

§18: Bodø foreslo at §18 strykes fordi den er unødvendig. Forslaget trukket.

DEL III (§12 - §19) enst. vedtatt.

Del IV.

§21: Tilleggsforslag fra Trondheim om at påtenkte kor/korps har rett til å delta på LM med talerett, men ikke stemmerett. Falt mot ? stemmer, 2 avholdne.

§21: Endringsforslag fra Tromsø: "ALLE grunnorganisasjonar som har betalt..." Vedtatt mot 3 st, 8 avholdne.

- §24: Forslag fra Trondheim om å ha et konkret tall i stedet for 1/5. Forslaget trukket.
- §24: Forslag fra Trondheim om tidsfrist på 3 uker ved innkalling til ekstraordinært LM. Falt mot 2 st.
- §25: Tilleggsforslag fra Oslo: "LS har ansvaret for utbygginga av grunnorganisasjonane ved at det vert teke initiativ til å starta opp kor/korps på stader der det er grunnlag for det." Forslaget trekt.
- §25: Tilleggsforslag fra Hammerfest: "Ein skal sekundært og ta sikte på at LS skal omfatte alle landsdelar." Falt mot 1 st., 1 avh.

DEL IV (§20 - §30) enst. vedtatt.

DEL V (§31 - §33) enst. vedtatt.

Hele framlegget til Forbundsvedtekter med de vedtatte endringer ble enstemmig vedtatt.

8. Konstituering av Landsforbundet.

Følgende stiftelseserklæring ble enstemmig vedtatt:

"Representanter for 17 røde kor og korps, samla til Landsmøte i Oslo 3-4.12.77, vedtar å stifte LANDSFORBUNDET AV RAUDE KOR OG KORPS. Landsmøtet har vedtatt Forbundsvedtekter, plattform og fastsatt kontingent for Førbundet."

9. Arbeidsplan.

Landsstemne - konsolidering - notebank - utredning av spørsmålet om reiseinstruktør - diskusjon om kora og korpsa sin plass i den revolusjonære rørsla og den folkelige og nasjonale kulturen.

Diskusjonene gikk på om det var for stort å skulle arrangere et Landsstemne, om det isteden skulle tassikte på distriktsstemner. Dette ble imøtegått av flere, og det var også oppe forslag om å arrangere begge deler. Landsstemne i -76 hadde stor betydning for alle som var med der. Spørsmålet om et slikt stemne sin eksterne funksjon var også framme.

Landsstyret skal legge fram en nøyere utforma arbeidsplan for grunnorganisasjonene.

10. Andre vedtak.

Det var oppe 6 forslag til vedtak.

A. Kontingent (40 kr pr. medlem pr. år). Forslag fra Odda om halv kontingent for skoleelever o.l. Dette ble imøtegått med at grunnorganisasjonene i tilfelle må subsidiere slik at Forbundet uavkorta får 40 kr pr. medlem.

Interimstyret sitt forslag ble vedtatt mot 1 st., 2 avh.

B. Framgangsmåte for innmelding i Forbundet. Enst. vedtatt.

C. Forslag fra Trondheim om "Lov om ordensforføyninger m.m." Forslaget ble vedtatt delt opp i 3 uttalelser (1 om dommen i Sporveissaka, 1 om Kongeskipssaka og 1 om "Disiplinærlova") som det ble overlatt LS å utforme. Vedtatt ved akklamasjon.

D. Uttalelse mot dommen i Oktobersaka. Vedtatt ved akklamasjon.

E. Støtte til Tønsbergungdommen. Vedtatt ved akklamasjon.

F. Støtte til Orkla-arbeidernes aksjon. Vedtatt med akklamasjon. I tillegg samla Landsmøtet inn kr 700.- som ble sendt sammen med støtteuttalelsen.

11. Valg.

Interimstyret innstilte 2 fra Bergen Raudt Kor og 2 fra Varden til Sekretariatet. Disse ble presentert og vurdert, og valgt ved akklamasjon.

Landsstyret: Interimstyret innstilte på 7 personer, som ble valgt med følgende stemmetall:

1 fra Bergen Raudt Kor: 26 stemmer
1 fra Tromsø Raudt Korps: 25 stemmer
1 fra Varden: 25 stemmer
1 fra Oslo Raudt Kor: 25 stemmer
1 fra Tromsø Raudt Kor: 23 stemmer
1 fra Bodø Raudt Kor: 23 stemmer
1 fra Oslo Raudt Kor: 22 stemmer

I tillegg ble det foreslått 3 andre kandidater til LS, som fikk flg. antall stemmer:

1 fra Grenland Raudt Kor: 7 stemmer
1 fra Tönsberg Raudt Kor: 5 stemmer
1 fra Kr.sand Raudt Korps: 1 stemme

Disse ble valgt som vararepresentanter til LS.

Landsstyret ble pålagt å oppnevne 2 revisorer fra Bergen.

12. Landsmötet ble avslutta med en kort oppsummering og kritikk, og avsynging av "Forbundssangen" og Internasjonalen.

-ref, Oslo

Inleiing til diskusjon om Forbundsvedleikene

Klassekampen i Noreg skjerpar seg og den når stadig høgre nivå. Dette krev av oss kulturarbeidarar - vi som skal bruke kulturen som våpen - at vi styrkjer oss for å tene kampen best mogleg. Vi skal bruke kulturen ved å ta opp saker som er i brennpunktet for arbeidar-klassen, vi skal syne at kamp nyttar, vi skal propagandere for revolusjon og sosialisme. Mao har sagt om kulturen sin plass i klassekampen:

"For de breie massene av folket er den revolusjonære kulturen et mektig våpen i revolusjonens tjeneste. I perioden før revolusjonen tjener den til å forberede revolusjonen ideologisk,

under sjølve revolusjonens gang utgjör den et nødvendig og viktig avsnitt av revolusjonens almene front."(om nydemokratiet)

"Målet er å gjöre litteraturen og kunsten til en viktig bestanddel i revolusjonens almene maskineri, til et mektig redskap for å sveise sammen folket og fostre det, til et mektig våpen til å slå fienden og tilintetgjøre ham, og for å hjelpe folket med å bekjempe fienden med hele sitt hjerte og hele sitt sinn".(Yenan-talen)

Som dei fleste veit, var det landsdssamling i Trondheim pinsa -76 der det vart starta diskusjon om felles plattform for dei raude kora. Men det synte seg snart at dette ikkje var nok. Vi hadde bruk for ei organisatorisk samling som førte oss saman i ei sterk

eining, og som kunne løyse dei felles oppgåvene våre på ein slik måte at vi verkjeleg kunne verte ein spydodd.

Prosessene hittil har vore lang og sigerrik, og den har vore ein kolosal framgang for den revolusjonære kor- og korpsrørsla. Høgdepunktet og sluttsteinen på denne samlim

denne samlingsprosessen var landsmøtet i OSLO 3.og4.desember i fjor med skipinga av Landsforbundet av raude kor og korps!

Kva er det så som kjenneteiknar eit slikt forbund? Eg skal nemna opp nokre punkt og så gå nærare inn på dei.

1. Eit forbund vert kjenneteikna ved at det er demokratisk oppbygd, det er basert på at dei einskilde medlemmane tek aktiv del.

2. Det har ei valt leiing som er istand til å vere leiande.

3. Det bygger på felles plattform og vedtekter.

4. Det byggjer i hovudsak på eigen økonomi.

Ein demokratisk organisasjon må byggjast opp nedanfrå, dei einskilde medlemmane avgjer kva forbundet er og kva det skal gjera. Makta ligg hos dei einskilde medlemmane, og det er dei som er forbundet. Samstundes må medlemmane velgje ei leiing som dei stoler på. Leiinga må kunne ta raske og rette initiativ og setje ut i livet den politikken som medlemmane fastset. Samstundes

med at det er naudsynt med eit breidt og utvikla demokrati i forbundet, er det og naudsynt med ei sterk leiing!

Det er ei djupare forståing av nettopp dette som gjorde at interimstyret fann det naudsynt å skrive om vedtektene slik at medlemskapet baserer seg på einskildmedlemskap, og ikkje på ei kolektiv tilslutning av organisasjonar. Det siste ville i røynda seie at vi ikke fikk et forbund, men ei lausare organisasjonsform, ein føderasjon. Kva er skilnaden?

I følgje førsteutgåva av Arbeidernes Leksikon frå 1933 er ein føderasjon det "å legge en organisasjons tyngdepunkt i selvstendige lokale organisasjoner som er forbundet med overenskomst, uten sentralisert ledelse. Føderalismen trer serlig klart fram innen syndikalismen og anarkismen." Og korleis kjem dette til uttrykk i anarkismen?

Jau, dersom vi skal sjå på føderasjonsideen overført på samfunnet betyr dette i fylgje Bakunin (kjent anarkist som videreutvikla Proudhons føderalistiske idear): "Den levende og reelle enhet kan bare skapes ved den frieste utvikling av alle individer og kolektiver og ved et føderativt fullstendig fritt forbund mellom arbeidernes slutningene i kommunene, regionene og nasjonene....Samtidig som

kommunene blir absolutt selvstendige, føler de seg solidariske seg i mellom og slutter seg sammen, uten å ofre noe av sin frihet".

Vi ynskjer ikkje eit Landsforbund av raude kor og korps som byggjer på denne såkalla fridomen og sjølvstendet. Vi ynskjer at dette forbundet skal tene klassekampen i Noreg, ved at det er sterkast mogleg og mest mogleg einskapleg. Difor ynskjer vi at det skal byggje på einskildmedlemskap. Det vil seia at dersom til dømes eit raudt kor skulle utvikle seg i ei lei som bryt med forbundet sine vedtekter og plattform, og det er eit fleirtal i koret som vil gå ut av forbundet, så skal ikkje desse kunne melde koret ut av forbundet. Einskildmedlemmene kan melde



Dette er en revolusjonær plate fra Canada, produsert av OCL (m-l). Plata inneholder nye og eldre canadiske kampsanger. Vi vil også fremheve folkemusikktradisjonen fra det fransktalende Quebec som er godt representert på plata. I tillegg er også noen av de mest kjente internasjonale arbeidersangene med.

seg ut, men koret vil framleis stå ved lag dersom dei som vert att meiner det er grunnlag for det.

Utifrå prinsippet om einskildmedlemskap har vi då omarbeidda vedtektene. Dette framlegget, som vart vedteke av Landsmøtet, er utarbeidd på ein slik måte at vi får eitt sett vedtekter for både einskildmedlemmene, grunnorganisasjonen og for sjølve Landsforbundet. Dette fylgjer naturleg av at einskildmedlemmene som utgjer dei einskilte grunnorganisasjonane er forbundet, og at særvedtekter for desse vil opne for føderasjonstanken.

Det første vedtektsforslaget inneheldt mykje bra, men det hadde ein tendens til å til å være "ei kokebok i organisasjonspraksis". Ein del av paragrafane var svært detaljerte og omstendelige. Det vi treng er skarpe, konsise og handlingsretta vedtekter, og det meiner vi Landsmøtet har makta å gi oss.

Landsforbundet av raude kor og korps er stifta og har fått sine vedtekter. Det gjeld no at alle kulturarbeidarar som verkar innan dei raude kora og korpsa melder seg inn i forbundet gjennom grunnorganisasjonen sin. Men for at alle skal få ei skikkelig forståing av den politiske og organisatoriske oppgåva til Landsforbundet er det viktig at det blir reist diskusjonar på vedtektene.

Retningslinene for denne diskusjonen er at den tek for seg det viktigaste ved vedtektene.

Kva er det som skil desse vedtektene frå det gamle framlegget? Landsmøtet vedtok vedtektsframlegget frå interimstyret etter harde og kameratslige diskusjonar. Det frimodige og kameratslige klimaet oppmuntra delegatane til å legje fram motseiingane dei hadde, og desse vart handsama grundig og med felles omsut for ei sterk eining av dei raude kora og korpsa.

Dei to viktigaste motseiingane var:

- 1) Motseiinga mellom føderasjon og forbund.
- 2) Motseiinga mellom sekretariat og arbeidsutvalg(AU)

Motseiinga føderasjon og forbund synte seg under handsaming av §§ 4, 15, 18, 19, 21, 27, 32. (ref)

Motseiinga mellom sekretariat og AU stod utifrå to politiske sentra.

1. Kva er skilnaden på Landsstyret og sekretariatet sine oppgåver? §§ 26, 27, 29, 30.
2. Landsmøtet skal utifrå politiske og organisatoriske kriterier velje dei mest leiande folka innan Landsforbundet til å sitje i Landsstyret. Er dette garanti god nok for at LS skal være det verkelege leiande organet?



3. Utforminga av og leiinga av kulturarbeidet som frontavsnitt har ei rekkje særigne arbeidsoppgåver som skil oss frå andre frontar ved at vi treng meir særskilt fagkunnskap. Arbeidet med notebanken, skriving av arrangement for ulike besetninger i kor og korps og kombinasjonen av desse er saman med det musikaliske instruksjonsarbeidet oppgåver som krev eit sjølvstendig arbeidande Sekretariat der medlemmane er samla på ein stad og er valde ut fra særskilte kriterier, ikkje minst musikalske. Desutan krev det mykje papirarbeid som medlemmane i eit AU ikkje kunne makte ved sida av å ta del i den politiske leiinga i Landsstyret. Eit AU ville også måtte binde 4 av LS sine medlemmer til ein geografisk stad, samstundes som dei først og fremst måtte veljast utifrå musikalske kriterier.

Økonomien til Landsforbundet:

På landsmøtet var det motseiingar på kontingenten kr.20,- pr. halvår. Nokre meinte at kontingenten skulle reduserast for skuleungdom, arbeidslause og økonomisk vanskelegstilte. Opp mot dette: Dersom vi vil ha eit sterkt

Landsforbund må vi ta fylgjene av dette ved m.a. å styrkje økonomien. Det må difor bli grunnorganisasjonen sitt ansvar å finne løysingar til økonomisk støtte for dei som ikkje kan betala så mykje.

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Allmøtet i(namnet på gr.org.) vedtek at organisasjonen ikkje lenger eksisterer som sjølvstendig organisasjon, men at den frå no av er GRUNNORGANISASJON i "LANDSFORBUNDET AV RAUDE KOR OG KORPS" ved at einskildmedlemmene teiknar medlemskap i "LANDSFORBUNDET AV RAUDE KOR OG KORPS".

Framgangsmåte ved innmelding:

Dersom fleirtalet går inn for dette vedtaket skal leiinga i grunnorganisasjonen straks samle inn kr.20,- i kontingent for 1.halvår 1978. Pengane sender ein til "LRKK" ved LS saman med talet på medlemmane. Av praktiske og tryggingssgrunnar ynskjer ikkje "LRKK" å sitje med medlemskartoteg utover det gr.org. sjølve fører. Gr.org. sender og inn referat frå diskusjonane om Landsforbundet, med oversikt over dei viktigste

motseiingane og resultatet frå avstemninga.

LS v/formannen



TA STANPUNKT I MUSIKKDEBATTEN!

Skal rocken være et dominerende element i den progressive musikken? Har musikalske stilarter klassekarakter? Hva betyr parolen "La hundre blomster blomstre" på musikken sitt område? Er arbeiderklassen kulturfattig? Hvordan skal vi styrke den progressive musikkbevegelsen i tiden framover? Dette er bare et par av de sakene som tas opp i "Materialisten" nr.8, og det skal ikke stikkes under en stol at de to innleggene har temmelig motsatte svar.

I "Et innlegg om den kommunistiske musikkpolitikken" hevder signaturene Robert og Gjertrud at musikalske stilarter ikke har klassekarakter, at de kan brukes av hvem som helst, spørsmålet blir hvem som kan erobre en stilart. De hevder videre at rocken som stilart er arbeiderungdommen sin musikk, og at det er sekterisk å påstå at rocken er imperialistisk musikk. De sier videre at de som hevder at den progressive musikken må bygge på folkemu-

sikken står for et syn som hevder at arbeiderklassen er kulturfattig og må påføres musikk "utenfra".

I innlegget "Den merkelige musikken" polemiserer signaturen Kark mot dette. Han påviser med eksempler hvordan stilarter er uttrykk for bestemte ideologier og filosofier og dermed er klassebundet. Han sier videre at det er underlig at folk som hevder at arbeiderklassen bare har rocken - en stilart som bare er 20år gammel - beskylder andre for å hevde at arbeiderklassen er kulturfattig. Han sier videre en del om hvilken rolle han mener rocken bør spille i den progressive kulturbevegelsen, og avslutter med et godt avsnitt med "Tankar om vegen frametter", der det er mye å hente for alle som steller med musikk.

Sjøl mener jeg Robert og Gjertrud står for en blindgate i musikkbevegelsen, og at Kark i all hovedsak har rett. Men et par saker tar han litt

for lett på:

Til spørsmålet om arbeiderklassen er "kulturfattig": Det går ikke an å ta opp dette spørsmålet, eller fri seg fra R&Gs anklager uten å ta opp hvilken kulturarv arbeiderklassen står for. Dette spørsmålet står etter min mening helt sentralt i denne musikkdiskusjonen. Arbeiderklassens musikktradisjoner omfatter visetradisjoner, kor og korps-tradisjoner, runddanstradisjoner i forbindelse med trekkspill, fele eller hornorkester. (Kark gjør rett i å bruke uttrykket runddans i stedet for "gammaldans"). Disse tradisjonene må etter mitt syn være en av grunnpilarene i en progressiv musikkstrategi.

Til spørsmålet om å la hundre blomster blomstre: Jeg mener at man først må peke på hovedretninger, hovedelementer o.s.v for musikken vår. Vi må bestemme oss for hva slags bein vi skal stå på. Etter min mening skal vi stå på to bein: de nasjonale folkelige musikktradisjonene, og arbeiderklassens musikktradisjoner - både nasjonale og internasjonale (og her spiller kor- og korpstradisjonen en svært viktig rolle). Sjølsagt er det overlapping her, men det er ingen svakhet. Så, når vi har bestemt oss for hvilket grunnlag vi står på, og hvor vi har

tenkt oss, da kommer spørsmålet om de hundre blomster inn. Da blir spørsmålet: hva kan vi bruke i sin helhet og hva kan vi bruke elementer av, hva kan vi lære av og hva må vi forkaste av andre typer musikk? I dette lyset mener jeg vi må betrakte f.eks. folkemusikk fra andre land, klassisk musikk, rock og jazz. På dette nivået er det diskusjonen om rocken bør inn, etter min mening.



Jeg mener at de som vil ha rocken inn som et hovedelement i norsk progressiv musikk gjør en stor feil. Det er mye annet som kunne vært kommentert i debatten, men dette får være nok i denne omgang. Tidligere har musikkdiskusjonen i "Materialisten" og andre blader ikke alltid vært så lett å ta standpunkt til, fordi motsigelsene ikke alltid har vært

så klart stilt. Nå er de det. Jeg mener at alle medlemmer i Landsforbundet bør studere disse to artiklene grundig, lese dem flere ganger og prøve for seg selv om argumentene holder, og så ta standpunkt sjøl. Landsmøtet vårt vedtok at det i løpet av året skal holdes en diskusjon om kor- og korpsbevegelsen sin plass i det revolusjonære kulturarbeidet, og i en slik diskusjon mener jeg at disse to artiklene står sentralt som studiemateriale. Og til slutt, hvorfor har det vært snakket så mye om rock, og omtrent ingenting om den musikkformen vi står for i denne diskusjonen? Det er fordi ingen kor- eller korpsfolk har deltatt i den. Er det ikke på tide at våre synspunkter og erfaringer begynner å farge denne diskusjonen? Skriv folkens!

Ruben.

"Materialisten" 8. Tidsskrift
for teoretisk kamp utgitt av
AKP(ml) på Universitetet i
Oslo. (Nr. 1/77)



Adresse: Materialisten,
Postboks 42, Veitvedt,
Oslo 5.

REDAKSJONELT

Neste nummer av avisen kommer til 1. mai - Innlegg til neste nr. må være inne senest 1. april. Er det noen som har et godt navn til avisa?

Ellers er det vel bare å oppmøde alle enkeltmedlemmer og gruppeorganisasjoner til å benytte seg av "Avisa" og ikke måst sekretariatet.

(Fast adresse vil bli gjort kjent senere)



Vedtekter for

Landsforbundet av raude kor og korps. (Vedtatt på 1. landsmøte 1977)

DEL I

- §1: "LANDSFORBUNDET AV RAUDE KOR OG KORPS" har som føremål å byggja opp ei samordna og slagkraftig rørsle av alle kor og korps i Noreg som kjempar for sosialismen og for interessene til arbeidarklassen og deira allierte. Landsforbundet si politiske line er slått fast i plattformen.
- §2: Landsforbundet er ein sjølvstendig og partipolitisk uavhengig organisasjon.
- §3: Landsforbundet er bygd opp med Landsstyre, Sekretariat og Grunnorganisasjonar i form av dei einskilde kor og korps.

DEL II : MEDLEMSKAP:

- §4: Alle einskildpersonar som sluttar seg til Plattform og Vedtekter for Landsforbundet kan verta medlem. Alle medlemmane skal ta del i arbeidet i ein grunnorganisasjon i Landsforbundet, og det er dei einskilde grunnorganisasjonane som avgjer alle søknader om medlemskap.
- §5: Medlemmane har rett til og plikt til å ta del i demokratiske drøftingar om politiske og kulturelle spørsmål innan grunnorganisasjonen og resten av Landsforbundet.
- §6: a. Kontingenten skal betalast samstundes som ein teiknar medlemskap. Ingen kan ta del i grunnorganisasjonen si verksemd i meir enn ein månad før han/ho teiknar seg som medlem.
b. Berre dei som har betalt kontingent har røysterett.
c. Alle nye får utdelt Plattform og Vedtekter snarast.
- §7: Alle medlemmane har møtenlikt på øving og alle arrangement i grunnorganisasjonen.
- §8: Alle medlemmane skal lojalt følgje opp fleirtalsvedtak i grunnorganisasjonen (eller tilsvarande styrevedtak) om val av reportoar og opptreden.

§9: All bruk av rusgift er forbode i samband med ordinær verksemd i Landsforbundet.

§10: Utmelding av Landsforbundet skal skje skriftlig til styret i grunnorganisasjonen.

§11: Styret i grunnorganisasjonen skal reise diskusjon med medlemmar som fleire gonger bryt vedtektene. Dersom dette ikkje fører fram, kan allmøtet i grunnorganisasjonen med vanleg fleirtal stengje medlemmet ute frå Landsforbundet. Utestengjing får verknad straks, men kan ankast inn for Landsstyret (LS).

DEL III: GRUNNORGANISASJONANE:

§12: Kor, korns og liknande grupper som sluttar seg til Plattform og Vedtekter for Landsforbundet kan verta grunnorganisasjonar. Landsstyret avgjer alle søknader om opptak, og Landsmøtet skal godkjenne desse.

§13: Allmøtet er det høgste organet i grunnorganisasjonen. Grunnorganisasjonen skal halde halvårsmøter med drøftingar av halvårsmelding og reportoar, og med val av styre minst ein gong i året.

§14: Styret er den daglege leiinga i grunnorganisasjonen. Styret har rett til å vedta politiske støttefråsegner, og giere vedtak om når og kvar grunnorganisasjonen skal opptre. Likeeins kan styret fastleggje reportoaret i slike høve (i samråd med arrangørane). Styret skal sikre demokratiske diskusjonar i grunnorganisasjonane i alle viktige spørsmål, og leggje fram melding og rekneskan på halvårsmøtet og for Landsstyret.

§15: Kvar grunnorganisasjon skal assistere Landsstyret med å skipe nye grunnorganisasjonar i Landsforbundet i nærleiken av sitt område.

§16: Når grunnorganisasjonen opptre ved eit arrangement den har slutta seg til, skal den samrå seg med arrangørane med omsyn til reportoar, opptreden og antrekk så langt som råd er.

§17: Forbundskontingenten skal betalast kvart halvår. (innan 1/10 og 15/2) Halvårsmelding skal vera sendt til Landsstyret innan 30/6 og 30/12.

§18: Oppløysing av grunnorganisasjonen krev 2/3 fleirtal, og skal i tillegg verta godkjent av Landsstyret. Dersom mindretalet vnskier å oppretthalda grunnorganisasjonen kan Landsstyret nekta å godkjenne vedtaket om oppløysing. Økonomien skal verta gjort opp før nedlegjing.

§19: Landsstyret har høve til å suspendere/ekskludere ein grunnorganisasjon som gjer grove brot på Vedtektene. Grunnorganisasjonen skal få skikkelig høve til å forsvare seg i slike saker. Suspensjon/eksklusjon får verknad straks, men kan ankast inn for Landsmøtet.

DEL IV: SENTRALE ORGAN:

§20: Landsmøtet (LM) er øvste organ i Landsforbundet. LM vert til vanleg kalla inn kvart år, og det kan i det lengste gå 2 år mellom kvart LM.

Kunngjering om LM skal koma minst 3 månader på førehand.

§21: Landsstyret avgjer representasjon til LM etter storleiken på kvar grunnorganisasjon. Alle grunnorganisasjonar som har betalt forbundskontingenten har rett til å sende representantar. Landsstyret fastlegg kven som elles skal verta inviterte til LM. Utlegga til LM vert utlikna på kvar grunnorganisasjon i høve til medlemstalet.

§22: LM skal drøfte melding og rekneskap for perioden frå forre LM: LM dreg opp politiske linjer for Landsforbundet, og vel Landsstyre, Sekretariat og revisorar. LM skal vedta viktige oppgåver for Landsforbundet i den komande perioden, slik som stemner og festivaler, og LM skal fastleggja kontingent.

§23: Vedtak krev vanleg fleirtal. Unntak er saker som ikkje er førehandsmelde til LM før den fastsette fristen. Desse krev 2/3 fleirtal for å verte vedtekne.

§24: Ekstraordinært LM skal kallast inn når kor/korps som representerer minst 1/5 av medlemmane krev det, eller når LS finn det naudsvrt.

§25: Landsstyret er øvste leiinga for Landsforbundet mellom kvart LM. LS skal vera sett saman etter politiske, organisatoriske og musikalske kriterier.

§26: Landsstyret kan vedta politisk/økonomisk stønad til aksjonar, og likeeins koma med fråsegner så lenge dei ligg innanfor ramma av Plattform og Landsmøtevedtak.

§27: Landsstyret kan påleggje grunnorganisasjonane å koma fram til standpunkt i ei sak gjennom ordskifte innan ein gjeven frist. LS kan og oppmode medlemmane til å framføre særskilte songar/musikkverk, og å ta del i særskilte aksjonar.

- §28: Landsstyret skal leggja fram melding og revidert rekneskap for Landsmøtet.
- §29: Sekretariatet er underlagt Landsstyret og vert valt av Landsmøtet etter same kriteriar. Sekretariatet skal vera geografisk samla. Minst eit medlem i LS skal sitja i Sekretariatet, og då fortrinnsvis formannen.
- §30: Sekretariatet skal stå for den daglege drifta og leiinga av Landsforbundet. Sekretariatet skal særskilt ha ansvar for medlemsavisa, notebanken, instruktørverksemd, kurs og utveksling av røynsler mellom grunnorganisasjonane.

DEL V: ANDRE SAKER:

- §31: Ved nedleggjing av grunnorganisasjonar tilfjell all eigedom Landsforbundet. Dette gjeld og korpsinstrument som ikkje er privateigde. Det same gjeld ved eksklusjon. Ved oppløysing av Landsforbundet skal Landsmøtet avgjera den vidare forvaltinga av eigedom.
- §32: Oppløysing av Landsforbundet kan berre verta vedteke på Landsmøte, og krev 4/5 fleirtal.
- §33: Tolkning av desse vedtektene skal i tvilstilfelle avgjerast av Landsstyret. Avgjerda kan ankast inn for Landsmøtet. Det same gjeld andre tvistar innan Landsforbundet.

+++++

(Plattforma er lagt ved.)

 PLATTFORM FOR LANDSFORBUNDET AV RAUDE KOR OG KORPS.

Forbundet er ein politisk kamporganisasjon som nyttar kulturen som våpen i klassekampen og kampen for sosialismen.

Forbundet er ei sjølstendig og partipolitisk uavhengig rørsle med eiga plattform og medlemsdemokrati. Utifrå plattformen og diskusjonar i grunnorganisasjonane tek vi del i den kampen arbeidarklassen og deira allierte fører for dagskrav og for sosialismen.

I arbeidet vårt kjempar vi mot:

- all imperialisme og sosialimperialisme, og særskilt dei to supermaktene USA og Sovjet, som både kjempar om verdsherredøme.
- borgarskapet, som lever av å utbytte arbeidarklassen og det arbeidande folket, og særskilt monopolborgarskapet og den borgarlege staten som er hovudfienden til arbeidarklassen.
- DNA- og LO-toppen, som er dei faste medspelarane og representantane til monopolborgarskapet i arbeidarrørsla.
- all opportunisme og klassesamarbeid i fagrørsla og på dei andre kampområda til arbeidarklassen. Denne linja for kampen spreier illusjonar om at levevilkåra til arbeidarklassen kan betrast gjennom samarbeid med klassefienden.

Vi står aktivt opp om og tek del i:

- arbeidarklassen og andre undertrykte grupper sin daglege kamp mot utbyting og forverra levevilkår.
 - kvinna, og særleg arbeidarkvinna sin kamp for politisk, materiell og ideologisk frigjering. Kvinne og mann må stå saman mot same fiende.
 - den kampen det norske folket fører mot imperialismen til vern om sjølråderetten.
 - solidaritetsarbeid for den 3.verda sin kamp mot imperialismen og dei to supermaktene. Folka i den 3.verda utgjer hovudkrafta i den anti-imperialistiske kampen i dag.
 - arbeidarklassen sin kamp for sosialismen. Berre eit nytt samfunnssystem kan gjere slutt på all utbyting i verda. Arbeidarklassen har ei rad allierte i denne kampen, iførste rekkje småbønder og fiskarar. Men det er arbeidarklassen som er den leiande krafta, og deira interesser er grunnlaget for verksemda vår.
 - kampen for dei demokratiske rettane gjennom forsvar av ytringsfridomen og streikeretten. Vi tek del i den anti-fascistiske kampen og krev forbod av det nye nazi-partiet Norsk Front.
-

Som kulturarbeidarar kjempar vi særskilt mot:

- borgarleg og imperialistisk kultur, som løyner klassemotsetnadane, freistar sløve arbeiderklassen og går til åtak på den folkelege og nasjonale kulturen.
- staten sin kulturpolitikk, som er reiskap for den borgarlege og imperialistiske kulturen, samstundes som staten og går til åtak på kunstnarane sine arbeidstilhøve og levekår.

Vi kjempar for:

- ei styrking av det nynorske skriftmålet og dialektane si stilling i daglegtale.
- ein kultur som klårgjer klassemotsetnadane og uthytinga, og som gjev arbeiderklassen og folket tru på siger i kampen mot imperialismen og borgarskapet.

I arbeidet vårt for å fremje arbeidarkultur byggjer vi på:

- musikkultur som har røter i den folkelege og nasjonale arven i Noreg.
- dei musikkulturelle tradisjonane til den internasjonale arbeidar-rørsla.
- kulturen som veks fram gjennom den tredje verda sin kamp mot imperialismen og sosialimperialismen.

+++++